



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege fellesråd**

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

## Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd

**Møtedato:** *Torsdag 24.08.2023*

**Møtetid:** *kl. 10.00-11.45*

**Møtestad:** Kommunestyresalen i Høyanger Rådhus

**Til stades:**

*May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Sissel Sjørebø, Andreas Ester.*

**Fråverande:** Kenneth Førde og Frode Merkesvik.

**Kopi av protokollen går til:** *Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbø, Toril Bjørkum, Geir Sjørebø, Kenneth Førde og Frode Merkesvik. Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, M Ali Kharrat, postmottak Høyanger kommune.*

## Sakliste:

### Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Innkalling, protokollane for møta 22.juni og 21.juli vart godkjent. Saklista vart godkjent, det kom opp forslag til ei meldingssak til, men den vart det informert om her og ikkje handsama seinare i møtet: Tilbod om konsert med tidlegare organist i Høyanger, Abram Bezuijen, våren 2024. Denne saka er kanskje mest for sokneråda, eventuelt kjem vi tilbake til den seinare.

### Meldingssaker:

#### 022 Soknepresten har ordet

Søndagens tekst er om likninga om talenta. Merk Jesu intensjon med likninga er at vi har talent og vi skal bruke dei, stor tillit til oss som medarbeidarar og som menneske. Talent og talentkonkurransar har stor interesse i media. Spennande tekst inn mot nytt konfirmantår og med konfirmantpresentasjon.

#### 023 Kyrkjevalet i Høyanger kommune

Det vart informert om den praktiske gjennomføringa av førehandsrøysting, valting og oppteljing. Annonseringa som er gjort i Ytre Sogn og i Firda, samt på nettstaden til Firda. Pengar avsett til godtgjering for jobben som vert gjort av frivillige, vert fordelt flatt etter timar ein har delteke med. Det er kontrollert og sikra at opningstidene på valdagen samsvarer med dei for kommunevalet. Det dei ulike sokneråda treng for å gjennomføre førehandsrøystinga, vart henta på kyrkjekontoret etter møtet.

## 024 Organistsituasjonen

Prinsipp for vikarane vil vere at ein til gravferder skal få tak i ein organist, men til gudsteneste kan det vere aktuelt med pianist eller andre musikarar også. Det er gjort avtale om vikarteneste i samarbeid med Gulen og organist Peter Tiborc Jobbagy, hovudsakleg for Lavik, Bjordal og Ortnevik. Det er ein avtale med Kjell Ivar Aase om at han vil vere positiv så ofte han kan. Det er gjort avtalar for gudstenester i Høyanger og Kyrkjebø med pianist Harald Dahlstrøm. Det er og fleire namn på blokka og det kom nokre til inn på møtet.

Det kom eit spørsmål om koret som kantor har hatt dei siste åra, på eit seinare tidspunkt i møtet. Det er eit ynskje frå fellesrådet at kyrkjevevja i samarbeid med kantor, tek kontakt med kormedlemmane og høyrer om ein skal prøve å få til ei form for korøving framover. Det kan vere faste øvingar elle eit meir prosjektretta alternativ.

## 025 Ortnevik kyrkje vert i 2025 100 år

Viktig å fastsetje eit tidspunkt for jubileet snarast, slik at ein kan invitere biskopen. Soknerådet vil i samarbeid med kyrkjevevja utarbeide forslag til naudsynt oppussing og investeringar på og ved kyrkja. Dette vert så ei vedtakssak i haust, på eit seinare møte i fellesrådet.

## 026 Økonomisituasjonen

Slik det ser ut no vil rekneskapen vere i trå med vedteke budsjett. Utgiftene til KLP vert store i år, men p.g.a. tidlegare feilinnbetalingar vert dette ikkje dramatisk. Viktig at ein har fokus på gåveinntektene til Helgestunder.

### Vedtakssaker:

*Det var ikkje vedtakssaker*

Høyanger 25.08.2023

Protokoll ført av:

*Stig Jonny Fitje*

**Kyrkjevevje for Høyanger kyrkjelege fellesråd**